

Fra: olav skinlo [olavskinlo@hotmail.com]

Sendt: 19. august 2011 00:57:37

Til: NVE

Emne: Uttalelse vedrørende Breim Kraftverk i Storelva i Gloppen kommune.

Eg vil kome med min uttalelse vedkomande utbyggingsplanene til Breim Kraftverk i Storelva i Gloppen kommune.

Eg meiner det vil vere eit tap for Bygda dersom vi misser den opprinnelege størelsen på elva frå Seimsbrua og ned til vatnet.

Slik elva er i dag er den eit flott estetisk syn for alle i nedre del av Breimsbygda. Også for dei som reiser gjennom bygda enten som turist eller vanleg reisande er det også eit blikfang.

Elva og elveosen saman med campingplassen og småbåthamna samt landbruksområdet ikring er verdier som vi bør vere stolte av og det må difor vere viktig og ta vare på slike perler for framtidige generasjonar. Det og redusere elva til det minstevasføringa er set til, vil redusere den estetiske utsjånaden kraftig.

Verdien av elva som fiskeelv vil og etter mi meining verte sterkt forringa.

Eg meiner det er overkjøyring av dei grunneigarane som ikkje er intereserte i utbygginga. Og det er nettop dei som vil merke forringinga av nederste strekningen mest.

I framtida ser det vel ut for at turisme vert ein viktig del av det vi skal leve av og då er det vel nettop dei verdiane vi sjølv set pris på vi skal selge og derfor må ta vare på for framtidige generasjonar.

Vurdering av alternativet med utslepp ovanfor Seimsbrua virkar lite utgreid.

Er elva først utbygd er det for alltid.

MVH Olav Skinlo
6827 Breim